



FYLKESMANNEN I ROGALAND
Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2007/433
Arkivnr.:

Dykkar ref:
Vår dato: 10.01.2007

Sokndal kommune
Gamleveien 20
4380 Hauge I Dalane

Tilbakemelding etter tilsynet i Sokndal 11.05.2004


Viser til samtalar med rådmann Bjørn Erik Paulsen (09.01.07) og oppvekst- og kultursjef Øystein Løvø (10.01.07) angående manglande tilsendt rapport etter tilsynet i 2004.

Vedlagt følgjer to notat som er skrive ca to år etter at tilsynet blei gjennomført. Som det går fram av desse blei det av ulike årsaker ikkje laga ein skriftleg rapport etter tilsynet. Vedlagte notat, som er skrivne i mars 2006, er heller ikkje oversendt kommunen tidlegare.

Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga, beklagar dette på det sterkaste.

Med helsing


Sølvi Ona Gjøl
utdanningsdirektør


Marta Vignes Steine
rådgivar

Saksbehandlar: Marta Vignes Steine
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 27
E-post: marta.vignes.steine@fmro.no

| | | | | | |
|----------------|----------------|-----------|--|----------------|-----------|
| Postadresse: | Besøksadresse: | Telefon: | e-post: | Landbruksavd. | Telefon: |
| Postboks 59 | Lagårdsv. 78 | 51568700 | postmottak@fmro.no | Lagårdsv. 80 | 51568700 |
| 4001 Stavanger | Stavanger | Telefaks: | Heimeside: | Postboks 59 | Telefaks: |
| | | 51568811 | www.fylkesmannen.no/rogaland | 4001 Stavanger | 51568811 |

Internt notat

VEDR. KONTAKT- OG TILSYNSBESØK I SOKNDAL KOMMUNE 11.05.04

Besøket ble gjennomført. Fra Fylkesmannen deltok utdanningsdirektør Svein Helgesen og rådgiver Audun Gjerde.

Av ulike årsaker (jfr. Svein Helgesens notat) ble det aldri utarbeidet noen formell skriftlig rapport etter dette besøket.

Det er flere delforklaringer på dette, men hovedvekten legges på at Fylkesmannen kort tid etter utdanningsavdelingens tilsynsbesøk, var på formelt besøk i Sokndal. Her var bl.a. utdanningsdirektør Svein Helgesen med, og bidro i en til dels omfattende tilbakemelding til kommunen.

mars 2006

Audun Gjerde

Internt notat

STATUS OG UTFORDRING I GRUNNSKOLEN I SOKNDAL

Nokre hovudpunkt basert på skriftlege notat frå kontakt- og tilsynsbesøk i Sokndal mai 2004 (11.05.04)

1. Innleiing

Dette notatet oppsummerer hovudpunkta frå utdanningsavdelinga sitt kontakt- og tilsynsbesøk i Sokndal tidleg i mai 2004. Deler av innhaldet i notatet bør kunne gi nyttig bakgrunnsinformasjon i samband med Fylkesmannen sin medverknad i den kommuneplanprosessen som no er i gang.

Sidan det snart er gått 2 år sidan kontakt- og tilsynsbesøket, vil verdien av innhaldet sjølvstapt vere noko avgrensa. Fylkesmannen har ikkje informasjon om den lokale utviklinga i skolane dei siste to åra, utover dei generelle data som finst for alle kommunar. Utgangspunktet i kommunen er truleg noko annleis, og Kunnskapsløftet stiller kommunen overfor heilt konkrete utfordringar på skoleområdet. Nye KOSTRA-tal, andre relevante data og oppdatert informasjon om utviklinga i Sokndal m.a. når det gjeld skolestruktur og styring/leiing på kommune- og skolenivå, må supplere og ev. korrigere punkta i dette notatet.

Utdanningsavdelinga sitt kontakt- og tilsynsbesøk i Sokndal kommune blei gjennomført av Audun Gjerde og Svein Helgesen. Deltakarane i tilsynet fekk ei kort oppsummering av Fylkesmannen sine hovudinntrykk ved slutten av dagen då besøket blei gjennomført. Administrasjonen og formannskapet i kommunen fekk ei førebels og munnleg tilbakemelding frå tilsynsbesøket under Fylkesmannen sitt kommunebesøk i Sokndal i slutten av mai 2004. På grunn av fleire uheldige omstende har dessverre arbeidet med fullstendig skriftleg rapport ikkje blitt fullført.

2. Kvalitetsvurdering og -utvikling

Første del av kontakt- og tilsynsbesøket hadde fokus på system og praksis for kvalitetsvurdering og -utvikling i skolen, både på kommune- og skolenivå. Det blei gjort intervju med skolefagleg ansvarleg i kommunen og med skoleleiinga og representantar for lærarar, foreldre og elevar ved Hauge skole og Sokndal ungdomsskole.

På bakgrunn av skriftlege notat frå denne delen av kontakt- og tilsynsbesøket kan følgjande hovudpunkt trekkjast fram:

- Kommunen har aukande fokus på arbeid med kvalitetsvurdering og -utvikling, men det gjenstår eit godt stykke arbeid fram mot eit heilskapleg og praktisk nyttig kommunalt rammeverk som kan danne grunnlag for vurderingssystem og -rutinar på den enkelte skolen.

- Av andre pedagogiske utviklingstiltak er Fylkesmannen orientert om:
 - Systematisk arbeid med fokus på læringsstrategiar.
 - Utvikling av rutinar for systematisk kartlegging og oppfølging av elevar med spesielle hjelpebehov.
 - Aktiv elevbedrift ved Sokndal ungdomsskole, som m.a. står for arbeidet med Sokndal Info (produksjon, distribusjon, foto/design og økonomi), kantinedrift ved skolen og fleire andre typer lokale oppdrag i lokalsamfunnet.
 - Elevmedverknad i samband med skolemuseumsprosjekt.
- Kommunen satsar på tett kontakt mellom skole- og kulturfeltet, m.a. gjennom konkret samarbeid mellom kulturskolen og Hauge skole. Ny modell med skolekor etter skoletida, med høve for elevane til å opparbeide "avspaseringskonto", har gitt ny giv for skolekoret på Hauge. . Det blei vidare informert om samarbeidsprosjekt for å få ny i skolekorpsarbeidet. Kulturskolen omfattar ved sida av musikktilbod aktiviteter innanfor multimedia og bildekunst.
- Kommunen orienterte om stans i tidlegare planar om todelt skolestruktur (ny 1-4 skole + 5-10 skole) og nytt utgreiingsarbeid med sikte på ein felles 1-10 skole, basert på nye planar for rehabilitering og utbygging av dei to eksisterande skolane.
- Kommunen får ei særskild utfordring i perioden 2004-2012, i og med at ansvaret for Åna Sira skole i denne perioden fell på Sokndal kommune (samarbeidsmodell med Flekkefjord kommune).
- Det blir gjort eit kontinuerleg arbeid for å vurdere den samla ressursbruken til skolesektoren i kommunen. Skolestrukturen gir høve til effektiv bruk av ressursane. Samtidig ligg det betydelege utfordringar i å få til ei meir fleksibel samhandling, både pedagogisk og kanskje økonomisk, mellom dei to skolane som ligg vegg i vegg.
- Kommunen prioriterer ressursbruken til spesialundervisning og tilpassa opplæring, og ligg høgt på KOSTRA-statistikken på desse områda. Tala på spesialundervisningsområdet blir rapportert å vere på veg nedover. Ein sentralisert skolestruktur med store klassar skaper behov for godt med ressursar til delingstimar.
- Gratisprinsippet i skolen har representert visse utfordringar. I samarbeid med foreldra har ein leita etter og funne løysingar/modellar som alle partar har opplevd som praktiske og akseptable. Enkelte slike lokale løysingar ligg avgjort i grenselandet mellom kva som er greitt og ikkje greitt i forhold til bestemmelsane i Opplæringslova.
- Kommunen har tatt ny § 9A i opplæringslova på alvor og har arbeidd systematisk med mobbing, m.a. intern skolering. Resultatet frå Elevinspektørene er brukt i denne samanhengen.

Fylkesmannen sine hovudintrykk etter den meir generell informasjons- og drøftingsrunden om aktuelle lokale skoleutfordringar i Sokndal kommune kan formulerast slik:

Sokndal kommune synest å gi høg prioritet til oppvekstfeltet generelt, og skolane spesielt. Strukturen tilseier at ressursane kan brukast effektivt. Av konkrete utfordringar vil Fylkesmannen m.a. dra fram:

- Tettare samarbeid mellom dei to skolane, som ligg vegg i vegg
- Ein gjennomgang av situasjonen i grenselandet mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring innanfor skolens ordinære rammer.

Kommunen er positivt opptatt av å sjå ulike aktiviteter for barn og unge i samheng. Fylkesmannen oppfordrar kommunen til å fortsetje dette arbeidet, m.a. slik ein har gjort i arbeidet med prosjektet "Lesing gir forsprang". Tradisjonelle skoleutviklingstiltak og tiltak i regi av Den kulturelle skolesekken bør for eksempel sjåast i samheng.

- Skolane er opptatt av skolebasert vurdering og er i ferd med å prøve ut ei ordning med å velje ut eitt fokusområde for systematisk evaluering av eigen praksis. Intern vurdering synest likevel ikkje å bli praktisert på ein systematisk måte i skolane. Det blir etterlyst klarare signal og føringar på området frå kommuneleiinga.
- Elevar og foreldre synest i liten grad å vere involvert i skolevurderingsarbeid på ein systematisk måte.
- Det regionale kommunenettverket i Dalane er opptatt av å samarbeide tettare om kvalitetsvurdering og –utvikling. Av konkrete tiltak har Fylkesmannen notert følgjande:
 - Kommunane har skolert lærarar innan området pedagogisk rettleiing og vil prøve ut ein ”light-modell” med ekstern vurdering etter modell frå Nord-2-kommunane.
 - Kommunane drøftar kvalitetsvurderingss spørsmål saman, med utgangspunkt i KOSTRA-tal og andre tilgjengelege data.

Fylkesmannen sine hovudinstrykk etter denne delen av kontakt- og tilsynsbesøket, kan formulerast slik:

Sjølv om Sokndal tydelegvis er opptatt av kvalitetsvurdering og –utvikling i skolane sine, synest ein framleis å ha eit betydeleg arbeid igjen før ein har utvikla eit heilskapleg kommunalt rammeverk/system, og for å få på plass rutinar og prosedyrar for kontinuerleg intern vurdering i skolane. Foreldre- og elevmedverknad må prioriterast i slike prosessar. Desse utfordringane er blitt meir aktualiserte etter innføringa av § 13-10 i opplæringslova.

Med bakgrunn i samtalene under besøket registrerer Fylkesmannen at manglande skolefagleg kapasitet på kommunenivå blir opplevd som eit betydeleg problem i forhold til desse utfordringane. På grunn av eit svært breitt ansvarsområde (inkludert heile kulturfeltet) ga skolefagleg ansvarleg uttrykk for at kontakten med skolane og engasjementet i nettverket for Dalaneregionen i periodar må nedprioriterast.

3. Andre aktuelle tema

Andre del av kontakt- og tilsynsbesøket var sett av til aktuelle spørsmål og tema som Sokndal kommune hadde ønskt å orientere om/drøfte. På bakgrunn av denne delen av kontakt- og tilsynsbesøket har Fylkesmannen notert seg følgjande:

- Kommunen har gjort eit systematisk arbeid for å gjere overgangen barnehage-skole så naturleg og ”mjuk” som mogleg. Initiativet er kome frå foreldrehald. Konkret har initiativet m.a. omfatta meir systematisk informasjonsverksemd, besøk og samtale heime og arbeid med meir fleksible organisasjonsformer. Tiltaka er blitt positivt evaluert.
- Kommunen har satsa systematisk og med stor kraft på prosjektet ”Lesing gir forsprang”, med ulike tiltak for å auke leselyst og betre leseferdighetene på alle alderstrinn frå småbarn til vaksne. Av konkrete tiltak har Fylkesmannen notert seg:
 - Systematisk involvering av m.a. helsestasjon, barnehagane og biblioteket – i tillegg til alle trinn i skolen.
 - Lesing som fokusområde på Hauge skole.

4. Avslutning

Med bakgrunn i opplysningar og inntrykk frå utdanningsavdelinga sitt kontakt- og tilsynsbesøk i 2004 meiner Fylkesmannen at Sokndal kommune bør ha eit bra ressursmessig, strukturelt og fagleg utgangspunkt for eit vidare arbeid med å følgje opp intensjonane i den nye grunnopplæringsreforma (Kunnskapsløftet). Krava til kommunen som skoleeigar er omfattande. Dette betyr at det må stillast til disposisjon tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å følgje opp både på kommune- og skolenivå.

Med bakgrunn i kontakt- og tilsynsbesøket, og dei nye utfordringane i Kunnskapsløftet, ser Fylkesmannen arbeidet med oppbygging av eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging av kvaliteten i skolene (jfr. § 15-10 i Opplæringslova) som ei hovudutfordring for Sokndal kommune. Eit sterkt engasjement i eit vidareført systematisk regionalt samarbeid i Dalane vil truleg vere ei god investering i denne samanhengen.

25.03.2006/Svein Helgesen